

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Beit og brom

Bygdelag: Hamnes-Skomsvoll

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Før, no berre unntaksvis. -- Har berre høyrd namnet beit. Veit ikkje om anna tre enn bjørk brukt til dette. Brom har eg berre høyrd brukt om knoppene og det aller finaste kvistane av rogn som var for små til å skavast, og som ein braut sund med hendene når dei skov og
2. blanda med skavet.
2. Noko sers namn på dette arbeide hugsar eg ikkje, viss det da ikkje skulle vera "å gå i beitskogjen". Heller ikkje har det vori så stor drift med dette her i mi tid at dei hadde sers slede til det bruk
3. Det var nok helst på seinvinteren (i vårknipa). Det var nok vanlig å hente treet heim heilt og kviste det heim.
4. Når dei hogg av dei fine kvistane til beit, brukte dei helst sigd eller ein stor kniv. eg hugsar ikkje nokon annan reidskap til det bruk, eller noko namn på sann.
5. Det vart brukt til både ku, geit og sau. Eg minst ikkje anna enn at dei hadde det opp i båsane eller i gardane til dyra.
6. Eg trur nok dei før let krøtera gå bort i beithaugen og ta kosten sjøl, men eg minnest ikkje å ha sett det.
7. Eg trur godt at denne skikken eller liknande skikk har vori i bruk for lenge sia, men eg kan ikkje hugse noko om det, og heller ikkje har eg høyrd at nokon annan kan minnast det. Men har slik skikk vori i bruk, vil eg tru det har vorti slutt med han for millom loo og 150 år sia.

5/2 - 1948.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page. The text is arranged in several paragraphs and is mostly obscured by the paper's texture and fading.